

## Interpellasjon til fylkestinget onsdag 4. mars 2020

### Marianne Sæhle, SV: Beredskapsplanar for dei vidaregåande skulane

«Sidan 14. januar har norske skular motteke 190 truslar om skyting. Sjølv om alle truslane som til no har kome inn har blitt vurdert til å vere falske har dei vore med på å skape frykt og utryggheit for både tilsette og elevar. Politiet ser alvorleg på truslane og ønskjer at norske skular skal vere førebudd dersom nokon faktisk vil utsette elevar og lærarar for alvorleg vald.

Utdanningsdirektoratet gjennomførte hausten 2019 ein spørjeundersøking blant skuleleiarar i landets grunn- og vidaregåande skular, om arbeidet med å førebygge alvorlege hendingar.

99 prosent av skuleleiarane for dei vidaregåande skulane seier at dei har ein beredskapsplan, men at berre cirka halvparten har gjennomført beredskapsøvingar dei siste tre åra, og berre 12 % av skulane seier at dei har involvert elevane i beredskapsøvingar, til tross for at utdanningsdirektoratet tilrår dette.

Vet fylkesordføraren om korleis beredskapsarbeidet ved dei vidaregåande skulane i Vestland er? Alt peikar mot at skulane har planar, men kva tid vart det gjennomført øvingar? Og var elevane med?

### Forslag til vedtak:

«Fylkestinget ber dei vidaregåande skulane ha regelmessige øvingar, kor også elevane er delaktige, i tråd med tilrådingane frå utdanningsdirektoratet.»»